

SULA KOMMUNE

Kommuneplanens samfunnsdel 2010 - 2020



Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen, med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.

Vedtatt i Sula kommunestyre 16.06.2011
– K-sak 35/11

SULA KOMMUNE SINE VERDIAR	3
KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL – 2010-2020 - PLANMOMENT.....	4
ORGANISASJONSMODELL	6
PERSPEKTIV 1: SAMFUNNET	7
1.1 <i>Langsiktige utfordringar</i>	7
1.2 <i>Mål</i>	10
1.3 <i>Strategiar</i>	12
PERSPEKTIV 2: ORGANISASJON OG TILSETTE	14
2.1 <i>Langsiktige utfordringar</i>	14
2.2 <i>Mål</i>	15
2.3 <i>Strategiar</i>	15
PERSPEKTIV 3: BRUKARAR OG TENESTER.....	16
3.1 <i>Langsiktige utfordringar</i>	16
3.2 <i>Mål</i>	17
3.3 <i>Strategiar</i>	17
PERSPEKTIV 4: ØKONOMI	18
4.1 <i>Langsiktige utfordringar</i>	18
4.2 <i>Mål</i>	18
4.3 <i>Strategiar</i>	18
OVERSIKT OVER PLANAR	19

Vedlegg: Styringsmatrise



SULA KOMMUNE SINE VERDIAR

Sula kommune sitt verdigrunnlag gir uttrykk for haldningar som alle tilsette og folkevalde i Sula kommune skal strekkje seg etter i det daglege virke overfor sine innbyggjarar, overfor sine brukarar, samarbeidspartnarar og overfor kvarandre. Alt arbeid i Sula kommune skal byggje på god forvaltningsskikk og –etikk. Verdiane er eit felles utgangspunkt og rettesnor for vurderingar, val og handlingar.

Ærleg og open

Sula kommune legg stor vekt på å framstå som rettskaffen, ærleg og open i all si verksemd. Alle har krav på rettferd og likestilling og skal møtast på ein truverdig måte. Utøving av vårt arbeid handlar ikkje berre om kva vi gjer, men også korleis vi utførar det.

Respekt og omsorg

Vi møter brukarane og kvarandre på ein raus og ansvarleg måte og viser kvarandre tillit. Som menneske er vi ulike og det skal vere rom for andre sine meiningar og haldningar. Vi skal vise omsorg for kvarandre ved å skape tryggleik, la andre kome til ordet og helse på kvarandre med omtanke. Vi skal ha ein kultur der ”framsnakking” rådar.

Innovativ

Vi oppmuntrar kvarandre til å vere resultatorienterte, fornyande og framtidsretta. Vi utnyttar den enkelte sin kreativitet og kompetanse.

Humor

Vi har alle eit ansvar for å bidra positivt til arbeidsmiljøet, slik at medarbeidarar og leiarar vert engasjerte i forhold til eigne og andre sine oppgåver. Arbeidsglede er drivstoffet i organisasjonen og løfter omdømet til kommunen.



KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL – 2010-2020 - PLANMOMENT

Kommuneplanens samfunnsdel er bygd opp med 4 perspektiv og dei 3 styringsparametrane *langsiktige utfordringar, mål og strategiar*. Det er laga ein forenkla styringsmatrise som gjev ein total oversikt på eit meir operativt nivå.

Revidering, evaluering og prosess

Kommuneplanen bør av praktiske omsyn reviderast minst ein gong i kvar valperiode som ein del av arbeidet med kommunal planstrategi:

§ 10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Rådmannen vil ved neste revidering legge opp til ein prosess der samfunnsdelen og arealdelen vert integrert i sterkare grad og der ein ser ein rød tråd gjennom handlingsdelen – økonomiplanen, inklusiv rapportering. Det er grunn til å presisere at den nye Plan- og bygningsloven i større grad enn tidlegare understrekar samanhengen mellom kommuneplanens handlingsdel og økonomiplanen:

§ 11-1. Kommuneplan

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.



Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommune-loven § 44 kan inngå i handlingsdelen.

Kongen kan gi forskrift om:

- a. innhold i generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel, jf. § 11-9
- b. underformål av arealformål, jf. §§ 11-7 og 12-5
- c. behandling av kommuneplanen, jf. §§ 11-12 til 11-17
- d. samordnet gjennomføring av samfunnsdelen av kommuneplan og økonomiplan etter kommuneloven, jf. §§ 11-2 til 11-12.

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel


Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.



ORGANISASJONSMODELL

Sula kommune har følgjande organisasjonsmodell (forenkla grovskisse):





Perspektiv 1: Samfunnet

1.1 Langsiktige utfordringar

1.1.1 Vekst og regional utvikling

1.1.1.1 Sula som eigen kommune kan bli utfordra

Spørsmålet om kommunesamanslåingar kjem opp frå tid til anna. Den siste tida har det vore nemnt i samband med samhandlingsreforma som skal gjelde frå 01.01.2012. I Sula har det vore tverrpolitisk semje om at Sula som eigen kommune vil vere best for folket som bur her. Tida som del av Borgund og Ålesund kommunar viste at Sula fekk langt mindre i investeringar og driftsytingar enn det Sula skulle hatt ut frå betalt skatt. Det er ei utfordring å sikre at Sula held fram som sjølvstendig kommune også i framtida. I staden bør Sula, som hittil, vere positiv til interkommunalt samarbeid. Dette har vist seg å vere eit godt alternativ til storkommune.

1.1.1.2 Samferdsel

Sula kommune er sentral når det gjeld samferdsel på Sunnmøre. Den vestlandske stamvegen (E39) og kyststamvegen (fylkesveg 61) går over Sula. Også nærleiken til Ålesund spelar inn. Den aukande trafikken gjer at nye trafikkkløysingar er aktuelle. For Sula gjeld det å sikre at natur- og bumiljø ikkje blir skadelidande, samtidig som Sula medverkar til framtidsretta trafikkkløysingar. Sula kan også trenge betre trafikkkløysingar ut frå egne behov. Kollektivtrafikktilbodet har utfordringar når det gjeld samordning og frekvensar. M.a. er det viktig å sikre båtruta Langevåg – Ålesund.

1.1.1.3 Nærmiljø

Sula er ein vekstkommune og merker eit press i høve utbygging. Private firma står i stor grad for utbygginga i bustadfelt. For kommunen er det viktig å sikre funksjonell infrastruktur og gode nærmiljø, m.a. for born, gjennom overordna og forutsigbar styring av planlegging og utbygging av infrastruktur. Gjennomgåande stor trafikk er også med på å svekke nærmiljøet. Det er ei prioritert oppgåve å framleis arbeide for trygg skuleveg.

1.1.1.4 Dugnadsånd

Dugnadsånda står sterkt på Sula. Fleire organisasjonar melder om utfordringar knytt til frivillig innsats i samfunnet. Auka press i alle livsfasar er kanskje noko av forklaringa. Også i Fylkesplanen er dette ein flaggsak. Det kan by på utfordringar å sikre desse kvalitetane på sikt.



1.1.1.5 Tilgang til arbeid i regionen

Sula er ein del av ein stor arbeidsmarknadsregion som dekkjer mykje av Sunnmøre. Med betra kommunikasjonar vil den felles arbeidsmarknadsregionen bli utvida. Dette gjer at folk i Sula kan søkje arbeid i ein vidare omkrins enn før. Næringslivet i regionen er følsam for konjunktursvingingar, m.a. maritim industri. Dette gjer at arbeidsmarknaden vil svinge med ujamne mellomrom og føre til utryggleik. Men den felles bu- og arbeidsmarknadsregionen gjer at folk ikkje ser på kommunegrensene som ei hindring for busetjing. Med si sentrale plassering vil Sula kommune vere ein vekstkommune så lenge veksten i Sunnmørsregionen held fram. For Sula er det likevel ei utfordring å tilrettelegge for næringsutvikling i Sula. M.a. har Sula eit potensiale når det gjeld arbeidsplassar innan ymse slag handel.

1.1.2 Natur- og miljøendringar

1.1.2.1 Fjellskred

Planarbeidet i Sula må ta omsyn til skredfare både lokalt og regionalt. Lokalt gjeld dette særleg søre Sula.

Regionalt er det fare for at store fjellmassiv i indre Storfjorden kan rase ut (Åkernesrenna og Hegguraksla). Det er venta at ei utrasing ikkje vil skje brått og utan varsel, og det er uvisst når ei utrasing vil skje. Om ikkje bølga som kjem (sannsynlegvis frå Åkneset) vil influere Sula i noko stor grad (berekna til maksimalt 2 meter ved Solevågen) når det gjeld liv og helse, så vil aktiviteten før og etter skredet få konsekvensar. Stenging av Storfjorden kan verte aktuelt og det vil skape trafikale problem for ordinær samferdsel.

1.1.2.2 Klimaendringar

FNs klimapanel har peikt på klimaendringane som eit resultat av utslepp av såkalla klimagassar som følgje av menneskeleg aktivitet. I Sula kommune står transportsektoren for 30% av utsleppa og stasjonær forbrenning i industrien står for 45% av utsleppa. Ein vil i framtida måtte tilpasse bygningar og bustadområde til både havstigning og eit "villare og våtare" klima (flom, høgare springflo, fleire skred osv).

1.1.2.3 Tap av andre naturressursar

Naturområde og korridorar som er viktige for biologisk mangfald, vilt, landskapsopplevingar og friluftsliv (sjå også pkt. 3) er trua av utbyggingsinteresser. Dette gjeld ikkje berre strandsona, men også utmarka herunder våtmarksområde. Det same gjeld grøne lunger i utbygde område. Ein kan og nemne kulturlandskap, grøne korridorar med samanhengande natur frå fjell til sjø. Grøne lunger og korridorar er ikkje berre viktige for det biologiske mangfaldet, men og for barns leik og utfolding. Grøne nærområder er ein ressurs som tapast i rask takt (12 % av opne areal i tettstader forsvann i perioden 1999-2004). Det same gjeld til ein viss grad vassdrag, vassressursar og leveområde for ferskvassfisk.



1.1.3 Kulturelt mangfald

Fylkesplanen har dette som hovudmål.

1.1.3.1 Kulturaktivitet og kulturopplevingar

Dette er berebelken for lokal identitet, trivsel og utvikling. Kommunen er i vekst og det vert stadig viktigare å skape og oppretthalde arenaer og møteplassar for ulike kulturuttrykk. I dette er også idrett- og friluftsliv integrert. Det er ei utfordring for kommunen å legge til rette for kulturaktivitet og kulturopplevingar i eit samvirke med det frivillige og profesjonelle kulturlivet i kommunen.

1.1.3.2 Ulike folkegrupper

Stor arbeidsinnvandring (og etterkvart "arbeidsvandring"), asylsøkjalar og flyktningar vil sette sitt preg på kvardagen til oss alle. Ulike språk og forskjellige kulturar vil gjere dette til ei stor utfordring, men kan samtidig gi grunnlag for kulturelt mangfald og kulturell vokster for alle.

1.1.3.3 Ulike uttrykksformer

Sula kommune er kjent for fleire musikarar som har gjort nasjonalt og internasjonalt gjennombrut. Desse representantane er ein del av Sula kommune sitt omdøme og verker som ein ressurs og inspirasjon for det lokale kulturlivet. Dette saman med inspirasjon frå ulike folkegrupper med sitt språk og sine kulturar kan skape eit kulturliv der også visuelle uttrykksformer får auka fokus.

1.1.3.4 Tap av kulturminne, -historie og -miljø

Dette er ein ikkje-fornybar ressurs som det er viktig å ta vare på gjennom forvaltning og planlegging. Ein medviten haldning til kommunens kulturminne, -- historie og -miljø er nødvendig. Kulturminneplanen og kommuneplanens arealdel vil synleggjere dette.

1.1.4 Trendar innan folkehelse

Helsesituasjonen for dei fleste er god og har ei positiv utvikling. Men samtidig får fleire og fleire får livsstilssjukdomar som følgje av passivitet og stillesitjande arbeid, ernæringsmessig dårlege val, stress, psykisk og fysisk omsorgssvikt samt andre lidingar. Fylkesplanen har også dette som eit gjennomgåande perspektiv.



1.2 Mål

1.2.1 Styre veksten og samarbeide om regional utvikling

1.2.1.1 Sikre Sula som eigen kommune

Det er eit mål at Sula skal halde fram som eigen kommune. Sula skal vere open for interkommunalt samarbeid, og nytte dette aktivt som eit alternativ til kommunesamanslåingar.

1.2.1.2 Betre offentleg kommunikasjon

Sula kommune er ein del av ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion som bør legge til rette for betre offentleg kommunikasjon.

Bussar, hurtigbåtar og ferjer skal vere universelt utforma, slik at menneske med ulike funksjonshemmingar kan nytte seg av transportmidla på lik line med andre.

Rabattar for ungdom og studentar er også viktig for å få til eit godt tilbod.

Båtruta Langevåg-Ålesund skal sikrast, og busstilbodet internt og ut av kommunen skal betrast.

Kommunen må spele ei nøkkelrolle ut frå si geografiske plassering når nye trafikkløysingar over Sula skal planleggast og gjennomførast. For Sula gjeld det å sikre at natur- og bumiljø ikkje blir skadelidande, samtidig som Sula medverkar til framtidsretta trafikkløysingar. Sula kan også trenge betre trafikkløysingar ut frå eigne behov. Kommunen vil på lengre sikt kunne verte eit enda større knutepunkt og gjere det enklare med kollektivtrafikk mellom Sula og Ålesund dersom ein ønskjer det og legg til rette for det. Ein ny veg mellom Mauseidvåg og Vedde vil kunne gi den austlege delen av kommunen ca. 2 km kortare veg til kommunesenteret Langevåg og ein vesentleg trafikkreduksjon på noverande riksveg 657 over Fiskarstranda.

1.2.1.3 Gode nærmiljø

Ein skaper aktivitet ved å samordne fleire bustad-, offentlege formål og næringsfunksjonar for å minimere utgifter, auke tryggleiken og vitalisere dei sentra ein vil bygge opp – slik eit opphavleg bysamfunn oppstod. Ved all offentleg utbygging anten det no er snakk om vegar, parkområde eller bygningar, må det leggast vekt på universell utforming. Sula kommune har også eit ansvar overfor private utbyggarar for å sikre at ein vesentleg del av nye bustader vert utforma etter normene for universell utforming.

1.2.1.4 Oppretthalde og styrke frivillig medverknad

Kommunen må bidra til å stimulere til auka frivillig innsats.

1.2.1.5 Styrke arbeidsmarknaden

Motivasjon og inspirasjon for å få næringslivet til å utvide sitt assortiment og etablere seg innanfor nye nisjar kan vere formålstenleg for å betre konkurranseevna og hindre handelslekkasje.



1.2.2 Etablere ei berekraftig utvikling

1.2.2.1 Hindre tap av liv, helse og store verdiar

Korrekt og tidleg varsling er heilt sentralt. Samtidig kan det vere formålsstenleg å allereie ha peikt ut kva som kan vere aktuelle evakueringsobjekt og kor ein skal evakuere desse.

1.2.2.2 Redusere utslepp av klimagassar

Noreg har forplikta seg til å redusere utsleppa og kvar einskild kommune er oppmoda om å utarbeide ein klimaplan med dette som utgangspunkt. Sula kommune aleine har kanskje eit sparepotensiale på 20% når det gjeld energi- bruk og har nettopp vedtatt ein miljø- og klimaplan.

1.2.2.3 Redusere tap av andre naturressursar

Ein skal stanse tapet av biologisk mangfald. Elles skal kommunen kartlegge område som er sentrale for å gjennomføre ei formålstenleg forvaltning. Ein skal fokusere spesielt på Dvergdykkaren som er tildelt Sula kommune gjennom miljøvernministeren sin "postkortaksjon". Dvergdykkaren er utryddingstruga og finn i Sula eit miljø som gjer at han her og i delar av Ålesund finst i større tal enn nokon annan stad i landet. Å ta vare på dvergdykkaren, gjer at ein også må sikre det miljøet som dvergdykkaren finn i Sula. Dette vil vere ei stor utfordring etter kvart som utbyggingspresset aukar. Sula kommune skal ta vare på dvergdykkaren og ta dei naudsynte omsyna når det gjeld utbygging i området.

1.2.3 Etablere harmonisk mangfald

Sula kommune skal vere eit attraktivt lokalsamfunn der kultur og kulturhistorie er tilgjengeleg for alle og mangfald, nyskaping og tradisjon går hand i hand. Ein vil stimulere til at kulturminna indirekte og direkte gir verdiskaping i kommunen.

1.2.3.1 Inkludering

Ulike kulturar må inkluderast i lokalsamfunnet for å kunne fungere best mogleg og få dei same tilboda som alle andre. Dette må skje utan at ein viskar ut alle særprega.

1.2.3.2 Tilrettelegging for ulike utøvarar

Det skal leggest til rette for gode rammevilkår for dei ulike kulturuttrykka.

1.2.3.3 Unngå tap av og auke tilgang på kulturminne, -historie og -miljø

Ein skal unngå tap av og ta vare på eit representativt utval av ulike kulturminne, -historie og -miljø.



1.2.4 Snu negative trendar innan folkehelse og fremje kunnskap mellom alle aldersgrupper om rett kosthald og fysisk fostring

Kommunen må vere aktiv for å betre folkehelsa.

1.3 Strategiar

1.3.1 Stille krav om eit heilskapleg planverk og vere aktiv i regionale samarbeidsfora

1.3.1.1 Aktivt arbeide for Sula som eigen kommune

Ein må arbeide aktivt både nasjonalt, regionalt og lokalt.

1.3.1.2 Samordne ulike kollektivtilbod

Buss, ferje, hurtigbåt og fly må sjåast i ein regional samanheng når tilbodet vert planlagt. Hyppigare frekvens og utvida lokale tilbod på kveldstid må etablerast. Sula kommune må vere ein pådrivar i høve fylket på dette området.

1.3.1.3 Styrke senter og utarbeide formålstenlege planar

I kommuneplanens arealdel er sentrumsområdet for Langevåg markert med intensjon om vidare planlegging. Dagens planverk er ikkje av nyare dato og det er nødvendig å få utarbeidd nye planar – gjerne kommunedelplanar. Ein må fokusere på at Langevåg er kommunesenteret i Sula kommune. For å gjere Langevåg sentrum mest mogleg tilgjengeleg for alle, må det leggst vekt på at fortau, gangfelt og fellesareal får ei universell utforming.

1.3.1.4 Etablere betre dialog med frivillige lag og organisasjonar og skape arena for samhandling

Kommunen må ta initiativ til formålstenleg dialog med frivillige lag og organisasjonar. Ein må vurdere å bruke Frivillighetsentralen som ein samarbeidspartnar i større grad.

1.3.1.5 Utvida interkommunalt samarbeid om regional utvikling

Sula kommune må vere aktiv i høve t.d. ÅRU for å få utvikla samarbeidet enda betre. Det er viktig å sjå utviklingsmoglegheitene i interkommunalt samarbeid og ha ein horisont også ut av regionen for å lære noko nytt.



1.3.2 Utarbeide førebyggjande planverk

1.3.2.1 Beredskapsplan

Det er viktig å få på plass ein oppdatert beredskapsplan inkl. ein ROS-analyse snarast råd.

1.3.2.2 Klimaplan

Sula kommune har allereie utarbeidd ein Miljø- og klimaplan som inneheld mange tiltak. Realiseringa vil verte ei utfordring.

1.3.2.3 Kommunedelplan for biologisk mangfald

Å utarbeide kommunedelplan for biologisk mangfald samt ny arealdel vil vere nyttige verkty for å gjennomføre ei formålstenleg forvaltning av dette området.

1.3.3 Skape arenaer for opplæring og møteplassar

1.3.3.1 Utarbeide inkluderingsprogram

Språk- og samfunnsopplæring skal framleis vere sentrale tema.

1.3.3.2 Utarbeide kommunedelplanar for kultur, kulturminne og idrett- og friluftsliv

Arbeidet har starta og resultatet er avgjerande for den vidare utviklinga.

1.3.3.3 Utarbeide arealdel og elektronisk informasjon samt skilting for å synleggjere ulike kulturminne, -historie og -miljø

Kommunen skal i samarbeid med fylket, føre vidare og utvikle det arbeid som allereie er i gang i kommunen med skilting av kulturminne, og legge til rette for turløyper og kulturminneløyper. Kommunen vil stimulere og legge til rette for at opplysningar om kulturminne, -historie og -miljø blir elektronisk tilgjengeleg (kulturminneatlas). Kommuneplanens arealdel skal rullerast.

1.3.4 Utarbeide program for folkehelsekoordinator og ha fokus på livsstilsjukdommar, kosthald og fysisk aktivitet

Det er allereie tilsett ein folkehelsekoordinator som truleg må arbeide med informasjon og rettleiing på fleire nivå. Eit opplegg av førebyggjande karakter med tanke på å leggje til rette for ein meir aktiv livsstil er eit av fleire aspekt. Ein kan med fordel sjå dette i samanheng med miljø- og klimaplanen.



Perspektiv 2: Organisasjon og tilsette

2.1 Langsiktige utfordringer

2.1.1 Å sikre at samhandlingsreforma blir vellykka

Samhandlingsreforma blir innført frå 01.01.2012. Kommunane vil spele ei avgjerande rolle for at denne reforma skal lukkast. Kommunane har allereie i dag ansvar for mange viktige oppgåver som verkar inn på helsa til folk. Eit utvida ansvar vil omhandle spørsmål om både organisering og finansiering av kommunesektoren.

2.1.2 Ressurspress

2.1.2.1 Tap av/mangel på ressursar og kompetanse

Store krav (fysisk og psykisk arbeidspress) til tilsette og mange eldre arbeidstakarar gjer at kommunen sannsynligvis vil merke både slitasje og utskifting. Sjukefråvær innan dei mest belasta yrkene i omsorgstenestene er ein kritisk parameter.

2.1.2.2 Konkurransen om dugande arbeidstakarar

Sidan ein har ein tydeleg felles arbeidsmarknads- og buregion vil det alltid vere konkurranse om arbeidskraft. Sula kommune må ha ein positiv personalpolitikk for å hindre at medarbeidarar sluttar og sikre rekruttering av nye arbeidstakarar når det er behov for det.

2.1.3 Krav om god og effektiv organisering

Einingsleiarane har til dels uoversiktlege einingar og fleire oppgåver som går på direkte produktiv teneste og saksbehandling. Denne mengda aukar og dette gjer at administrativt personalarbeid vert nedprioritert.

2.1.4 Varierende grad av likestilling/likelønn

Fylkesplanen har likestilling som eit gjennomgåande perspektiv. Det er mogleg at enkelte opplever lønsforskjellane som urettferdige. Men i nokre tilfelle er det marknadssituasjonen som gjer dette – t.d. ingeniørar versus sjukepleiarar.



2.2 Mål

2.2.1 Ei vellykka samhandlingsreform

Aktuelle aktørar som skal samhandle må aktivt arbeide for å gjennomføre reforma.

2.2.2 Vere attraktiv arbeidsgjevar som skapar godt rykte

2.2.2.1 Sikre og auke spisskompetanse

Det er viktig at kommunen legg til rette for god opplæring og vidareutdanning. Samtidig kan ein ikkje underdimensjonere dei ulike fagområda – spesielt innan omsorgstenestene. Det å ta vare på kvarandre i det daglege arbeidet og samtidig ha eit spesielt fokus på eldre arbeidstakarar vil sikre kompetansen. Desse elementa vil også motverke eit auka sjukefråvær.

2.2.2.2 Aktiv rekruttering

Det å vere positivt synleg i regionen både i ulike media, på ulike møter og i andre samanhenger vil skape eit bilete av kommunen som gjer det lettare å rekruttere nye medarbeidarar.

2.2.3 Styrke leiarfunksjonen på alle nivå

Bevare meistringsoppleving, yrkesære kjensle og arbeidsglede i krysspress mellom brukarkrav og effektivitetskrav.

2.2.4 Etablere likestilling/likelønn

Betre harmonisering mellom ulike yrkesgrupper må etterstrevast.

2.3 Strategiar

2.3.1 Etablere tverrfaglege samarbeidsgrupper

Ein bør vere budd på store endringar.



2.3.2 Etablere ein formålstenleg arbeidsgjevarstrategi med fokus på godt omdømme samt delta aktivt i regionalt samarbeid

2.3.2.1 Utarbeide ein heilskapleg personalplan

Sula kommune må prioritere kompetanse og utvikling som er målretta og gir rom for prioriteringar innan dei områda der behovet er størst. Det er viktig å vere synleg når det gjeld rekruttering og vise at kommunen er aktiv og tør å marknadsføre seg. Korleis ein skal ta vare på dei eldre arbeidstakarane er også viktig gjennom seniorpolitikken. Dette kan ein også samarbeide om på regional basis ("pensjonistkurs" etc.).

2.3.2.2 Medarbeidarundersøking

Medarbeidarundersøkingar er eit viktig hjelpemiddel for å få til ei god organisasjons-, leiar- og personalutvikling. Slike undersøkingar skal gjennomførast regelmessig og nyttast aktivt.

2.3.3 Oppfølging og fokus på leining

Ein formålstenleg leiarutviklingsplan kan avhjelpe situasjonen.

2.3.4 Vere konsekvent i personalpolitikk og lokale lønsforhandlingar

Eit betre system lik det som blei utarbeidd i høve etablering av leiaravtaler kan vere aktuelt.

Perspektiv 3: Brukarar og tenester

3.1 Langsiktige utfordringar

3.1.1 Forventningsavklaring og rett prioritering av knappe ressursar

3.1.1.1 Fleire eldre

Talet på eldre vil stige i åra framover. Etter 2. verdskrig steig talet på fødsjar markant. I tillegg har det skjedd ei medisinsk og teknologisk utvikling som har ført til auke i velferda og lågare tal på døde spedbarn. Dette gjer at det vert fleire eldre – og at fleire sjuke lever lengre. Med aukande alder får vi fleire demente. Slike forhold gjer det nødvendig å vere førebudd på eit stadig aukande behov for hender i omsorgstenestene. Brukarane vil krevje meir individuelt tilpassa tenester. Vi vil kunne få fleire brukarar med dårleg helse som krev ulike tiltak. Fleire brukarar med annan kulturell bakgrunn vil også krevje individuelt tilpassa tenester.



3.1.1.2 Problem blant grupper barn og unge

Ein registrerar auke i talet på saker til barnevernet. Saman med psykososiale vanskar gjer dette at fleire barn og unge får spesialpedagogisk oppfølging. Fleire brukarar med annan kulturell bakgrunn vil også krevje individuelt tilpassa tenester.

3.2 Mål

3.2.1 Gode tenester og nøgde brukarar

For å utforme tenestene i tråd med behova er det svært viktig å lytte til dei ”som har skoen på”. Eldrerådet og råd for likestilling av funksjonshemma er sentrale brukarorgan i den politiske saksgangen, men der er mange andre måtar å involvere brukarane på. Ungdomsrådet og det som tidlegare blei kalla barnerepresentanten må brukast meir aktivt. Men her er det først og fremst snakk om å byggje og vedlikehalde ein god dialog mellom tilsette i kommunen og tenestemottakarane og deira pårørande.

3.2.1.1 Tidleg innsats

Det beste ein kan gjere er å kome inn tidleg for å redusere ulempene. Alle tenestene i kommunen bidrar med ulike tiltak på ulike område. Det er primært dei med størst behov for hjelp som naturleg nok vert vurdert først med tanke på desse tiltaka.

3.2.1.2 Førebyggjande innsats samt trygge og gode oppvekstvilkår

Spesielle behov for tilpassa tenester må stettast både helserelatert, pedagogisk og kulturelt. Ein må også inkludere foreldre og eventuelle andre føresette i dette arbeidet. I all kommunal planlegging skal ein aktivt bruke ”Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging”, rundskriv T-2/08 ”Om barn og planlegging”. Ein må oppretthalde og betre kvaliteten i barnehagar og skular. Sula kommune skal vidareutvikla arbeidet med MOT. Ein må oppretthalde og vidareutvikle førebyggjande tilbod til barn og unge i kommunen, både i form av fritidstilbod, helserelaterte og pedagogisk tiltak.

3.3 Strategiar

3.3.1 Tilrettelegging av ulike tiltak og tilpassa tenester

Tilpassing og strukturendring av alle tenestene vil vere nødvendig for å møte krav frå sentrale mynde, brukarar, føresette og pårørande samt den generelle utviklinga.

3.3.1.1 Rett lokalisering og tenlege bygg og uteområde

Her må ein vurdere ulike alternativ med tanke på samlokalisering, geografi og behov; også med tanke på utforming og kapasitet. Det skal leggjast vekt på at kommunale tenester skal plasserast i bygg som er lett tilgjengelege for alle.



Nye bygg skal bli så brukarvennlige som råd, og det skal leggest vekt på at brukarane vert trekt med frå starten av og blir høyrte i planprosessen. Sula kommune skal tenke langsiktig og må i god tid vurdere om det skal byggast bukollektiv for brukarar med behov for heildøgns omsorg og pleie fleire plassar i kommunen.

3.3.1.2 Brukarundersøking

Dette har kommunen gjort tidlegare og det er viktig å få tilbakemelding frå brukargruppene slik at ein kan tilpassa tenestene. Ein må også i oppfølginga av ei brukarundersøking vurdere å samhandle med friviljuge organisasjonar og styrke det tverrsektorielle arbeidet.

Brukarundersøkingar skal gjelde alle kommunale tenester og nyttast aktivt som eit verkty i utvikling av tenestene.

Perspektiv 4: Økonomi

4.1 Langsiktige utfordringar

4.1.1 Aukande investerings- og vedlikehaldsbehov samt stramme driftsrammer

Auken i talet på eldre vil truleg føre til auka utbygging av institusjonar eller tilsvarande. Men samhandlingsreforma kan gjere eit positivt bidrag. Også den forventa veksten i regionen krev utbygging innan skule- og barnehageområdet. Vidare vil den eksisterande kommunale byggmasse og anna infrastruktur krevje utstrekkt vedlikehald.

4.2 Mål

4.2.1 Etablere og oppretthalde ein sunn og berekraftig økonomi med forutsigbare rammer

Gi rom for langsiktige investeringar og oppretthalde handlingsfridom.

4.3 Strategiar

4.3.1 Økonomiplan vil vere viktig

Optimal utnytting av stramme rammer.

4.3.1.1 Vektleggje beekraft av større økonomiske investeringar

Riktig prioritering.

4.3.1.2 Gode rutinar for balansert budsjett og avvikshandtering

Formålstenleg budsjettering og rapportering.



OVERSIKT OVER PLANAR

- Hovudplan for helsestasjonstenesta år 2000-2004
- Hovudplan for skulehelsetenesta år 2000-2004
- Kommuneplan
- Kompetanse- og opplæringsplan for HS-sektoren
- Målsetting for kvalitetssikringsarbeidet
- Plan for arb og syssels for pers med bistandsbehov
- Plan for vidaregåande skule 2001-2002
- Smittevernplan
- Handlingsplan for rusmiddelarbeid i Sula kommune 2009-2011
- Rulleringsplan psykisk helsearbeid 2007-2010
- Plan for førebygging, rehabilitering og omsorg i Sula kommune 2008-2011
- Bustadsosial handlingsplan 2009-2013
- Miljø- og klimaplan for Sula kommune 2009-2013
- Pandemiplan for Sula kommune 2009
- Beredskapsplan for helse- og sosialtenesta 2005
- Strategiplan for kompetanseutvikling 2009-2012, med handlings/tiltaksplanar 2010 (årlig rullering).
- Lokal rammeplan for barnehagane 2007-2011.
- Plan for arbeid med å forebygge mobbing /MOT-arbeid - Mobbemanifestet 2011
- Skulebruksplan 2003-2013
- Plan for idrett og friluftsliv 2011-??
- Kulturplan (ikkje ferdig)
- Kulturminneplan (ikkje ferdig)

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL – 2010-2020 – STYRINGSMATRISE

Perspektiv	Langsiktige utfordringar (kva kan skape problem for oss?)	Mål (kva vil vi gjere med utfordringa?)	Strategiar (kva må vi gjere for å nå målet?)
Samfunnet	1. Vekst og regional utvikling • Sula som eigen kommune kan bli utfordra • samferdsel • nærmiljø • dugnadsånd • tilgang til arbeid i regionen	1. Styre veksten og samarbeide om regional utvikling • sikre Sula som eigen kommune • betre offentleg kommunikasjon • gode nærmiljø • oppretthalde og styrke frivillig medverknad • styrke arbeidsmarknaden	1. Stille krav om eit heilskapleg planverk og vere aktiv i regionale samarbeidsfora • aktivt arbeide for Sula som eigen kommune • samordne ulike kollektivtilbod • styrke senter og utarbeide formålstenlege planar • etablere betre dialog med frivillige lag og organisasjonar og skape arena for samhandling • utvida interkommunalt samarbeid om regional utvikling
	2. Natur- og miljøendringar • fjellskred • klimaendringar • tap av andre naturressursar	2. Etablere ei berekraftig utvikling • hindre tap av liv, helse og store verdiar • redusere utslepp av klimagassar • redusere tap av andre naturressursar	2. Utarbeide førebyggjande planverk • beredskapsplan • klimaplan (er utarbeidd) • kommunedelplan for biologisk mangfald
	3. Kulturelt mangfald • kulturaktivitet og kulturopplevingar • ulike folkegrupper • ulike uttrykksformer • tap av kulturminne, -historie og -miljø	3. Etablere harmonisk mangfald • inkludering • tilrettelegging for ulike utøvarar • unngå tap av og auke tilgang på kulturminne, -historie og -miljø	3. Skape arenaer for opplæring og møteplassar • utarbeide inkluderingsprogram • utarbeide kommunedelplanar for kultur, kulturminne og idrett- og friluftsliv • utarbeide arealdel og elektronisk informasjon samt skilting for å synleggjere ulike kulturminne, -historie og –miljø
	4. Trendar innan folkehelse	4. Snu negative trendar innan folkehelse og fremje kunnskap mellom alle aldersgrupper om rett kosthald og fysisk fostring	4. Utarbeide program for folkehelsekoordinator og ha fokus på livsstilsjukdommar, kosthald og fysisk aktivitet



	Langsiktige utfordringar	Mål	Strategiar
Organisasjon og tilsette	1. Å sikre at samhandlings-reforma blir vellykka	1. Ei vellykka samhandlingsreform	1. Etablere tverrfaglege samarbeidsgrupper
	2. Ressurspress • tap av/mangel på ressursar og kompetanse • konkurranse om dugande arbeidstakarar	2. Vere attraktiv arbeidsgjevar som skapar godt rykte • sikre og auke spisskompetanse • aktiv rekruttering	2. Etablere ein formålstenleg arbeidsgjevarstrategi med fokus på godt omdømme samt delta aktivt i regionalt samarbeid • utarbeide ein heilskapleg personalplan • medarbeidarundersøking
	3. Krav om god og effektiv organisering	3. Styrke leiarfunksjonen på alle nivå	3. Oppfølging og fokus på leing
	4. Varierende grad av likestilling/likelønn	4. Etablere likestilling/likelønn	4. Vere konsekvent i personalpolitikk og lokale lønsforhandlingar
Brukarar og tenester	1. Forventningsavklaring og rett prioritering av knappe ressursar • fleire eldre • problem blant grupper barn og unge	1. Gode tenester og nøgde brukarar • tidleg innsats • førebyggjande innsats samt trygge og gode oppvekstvilkår	1. Tilrettelegging av ulike tiltak og tilpassa tenester • rett lokalisering og tenlege bygg og uteområde • brukarundersøking
Økonomi	1. Aukande investerings- og vedlikehaldsbehov samt stramme driftsrammer	1. Etablere og oppretthalde ein sunn og berekraftig økonomi med forutsigbare rammer	1. Økonomiplanen vil vere viktig • vektleggje berekraft av større økonomiske investeringar • gode rutinar for balansert budsjett og avvikshandtering